



SELJE KOMMUNE

Råd for eldre og funksjonshemma

Møtebok

Møtedato: 16.03.2016

Møtetid: Kl. 14:00 – 15:00

Møtested: Kommunehuset, 2. etg.

Saksnr.: 001/16 - 003/16

Følgjande medlemmer møtte

Åge Starheim (leiar), Anita Bentsen, Sigbjørn Sjøstad

Følgjande medlemmer møtte ikkje

Harald Hansen

Gunn Sande

Begge hadde gjeve melding om forfall til møtet.

Følgjande varamedlemmer møtte

Ann-Kathrin Ervik møtte for Harald Hansen.

Vara for Gunn Sande hadde ikkje høve til å møte.

Følgjande frå administrasjonen møtte

Rådgjevar Svein Barmen, som og førte møteboka.

Merknad til innkallinga

Ingen

Merknad til saklista

Ingen

4 voterande

Følgjande saker vart handsama

Sak nr.	Sakstittel
001/16	Godkjenning av møtebok
002/16	Referatsaker
003/16	Den kulturelle spaserstokken 2016 - Fordeling av midlar

Tilleggsaker: Ingen

Utskrift protokoll: Medlemmar, møtande varamedlemmar, biblioteka, abonnentar

Utskrift møtebok: Abonnentar, kontrollutvalet, kommunekassa, revisor

Signatur: _____



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Råd for eldre og funksjonshemma	16.03.2016	001/16

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 16/164
---	----------------------	-----------------------------

Godkjenning av møtebok

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN:

Møteboka frå møte 24.11.15 vert godkjent slik den ligg føre.

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
07.03.2016	Møtebok EF 24.11.15.pdf	73990

Handsaming i Råd for eldre og funksjonshemma - 16.03.2016

4 voterande

EF-001/16 VEDTAK

Møteboka frå møte 24.11.15 vert godkjent slik den ligg føre.

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Råd for eldre og funksjonshemma	16.03.2016	002/16

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 16/163
---	----------------------	-----------------------------

Referatsaker

Refererte skriv og meldingar:

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	16/736	U	22.02.2016	Sogn og Fjordane fylkeskommune	Uttale til forslaget om nedlegging av tannlegekontor i Selje
2	16/992	I	07.03.2016	Rådgjevar Svein Barmen	Årsmelding 2015 - Råd for eldre og funksjonshemma
3	16/853	I	26.02.2016	Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane	Høyring - Endring i eldrerådslova
4	16/993	I	07.03.2016	Rådgjevar Svein Barmen	Rapport - Den kulturelle spaserstokken 2015

Tilleggsreferat:

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Referatsaker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Handsaming i Råd for eldre og funksjonshemma - 16.03.2016

4 voterande

Tilleggsreferat:

5. Brev frå Eid eldreråd, dat. 29.02.16 vedk. regionsamarbeid for eldreåda i Nordfjord

EF-002/16 VEDTAK

Referat 1-4: Teke til vitande

Referat 5: Selje råd for eldre og funksjonshemma ynskjer å vere med på felles møte.
Ein reknar med at initiativtakar kallar inn.

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Råd for eldre og funksjonshemma	16.03.2016	003/16

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Svein Barmen	FA-C00	16/159

Den kulturelle spaserstokken 2016 - Fordeling av midlar

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	27.04.2015	Stadt Pensjonistlag	Søknad om tilskot
3	I	30.04.2015	Selje Pensjonistlag v/Gerd-Karin Bakkebø	Søknad om tilskot
4	I	15.02.2016	Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane	Den kulturelle spaserstokken 2016-løyvingar
7	I	16.03.2016	Hildegunn Vederhus	Søknad om tilskot
6	I	16.03.2016	Besøksgruppa på Seljetunet	Søknad om tilskot

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
07.03.2016	Søknad til den kulturelle spaserstokken 2015.docx	73961

Saka gjeld

Fordeling av midlane til den kulturelle spaserstokken 2016.

Opplysningar til saka

Sogn og Fjordane fylkeskommune fordelte i 2015 15 000 kr til Selje kommune av midlane til Den kulturelle spaserstokken til bruk i 2016.

Tilskotet skal brukast i samsvar med søknad.

Søknaden frå Selje kommune var i 2015 på 44 750 kr

Dei tildelte midlane var utbetalt i 2015 og sett på fond til fordeling i 2016. På fondet står no 38 622 kr til fordeling. Dette på grunn av arrangement som ikkje har vorte noko av.

Lover/regelverk

Vedtekter for råd for eldre og funksjonshemma,

Finansiering

Bruk av fond: Den kulturelle spaserstokken

Sakshandsamar si vurdering

Det er stort sett pensjonistlaga i kommunen som har nytta desse midlane. I 2013 flytta Kulturdepartementet fordeling av desse midlane til Fylkeskommunen. Frå 2016 er midlane lagde inn i rammetilskotet til Fylkeskommunen. Ein registrerer samstundes at løyvingane til Selje kommune er redusert frå 35 000 kr i 2012 til 15 000 kr i 2015.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har slike vilkår for tildeling av midlar:

Den kulturelle spaserstokken skal leggje til rette for auka samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren, slik at gode kunst- og kulturprosjekt for eldre lokalt, kan bli utvikla innanfor eit mangfald av sjangrar og uttrykk.

Løyvingane skal hovudsakleg nyttast til profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet, gjerne i samarbeid med kunst- og kulturinstitusjonar, kunstnarar og andre kulturaktørar på lokalt eller regionalt nivå.

Det er svært viktig at kulturtilbodet er tilpassa til eldre og er tilgjengeleg på arenaer der eldre har sitt daglege liv.

I Statsbudsjettet for 2016 er Den kulturelle spaserstokken omtala slik:

Den kulturelle spaserstokken er en oppfølging av St.meld. nr. 25 (2005-2006) Mestring, muligheter og mening fra Helse- og omsorgsdepartementet. Den ble innført i 2007 med formål å gi et bedre og mer omfattende tilbud av kunst og kultur for eldre. Ordningen ble finansiert av Helse- og omsorgsdepartementet og Kulturdepartementet i fellesskap og ble administrert av Kulturdepartementet t.o.m. 2013. I 2014 fikk fylkeskommunene tildelt 30,8 millioner kroner til ordningen fra Kulturdepartementet. I 2015 fikk fylkeskommunene 30,8 millioner kroner over rammetilskuddet til videreføring av Den kulturelle spaserstokken, etter stortingsvedtaket basert på budsjettforliket mellom samarbeidspartiene høsten 2014.

Den kulturelle spaserstokken skal stimulere til tverrfaglig samarbeid mellom kultursektoren og helse- og omsorgstjenesten i kommunene. Tiltaket bør tilby arrangementer og aktiviteter innenfor alle kunst- og kulturgenrer, som musikk, teater, film, litteratur og billedkunst. Arrangementene bør være åpne for alle, og benytte etablerte arenaer i nærmiljøet som forsamlingshus, bydelskaféer, kulturhus, kirkerom, sykehjem og omsorgssentre.

Den kulturelle spaserstokken bør samarbeide med små og store kulturinstitusjoner, med kunstnere, utøvere og artister og lokalt kulturliv både profesjonelle og amatører. Det kan arrangeres formiddagsforestillinger på kino og teater, for å lette tilgjengeligheten for de som har problemer med å benytte tilbudene på kveldstid, og kulturinstitusjonene kan bidra med lokale arrangementer. Tiltaket bør ha som mål å få til mer aktivitet på tvers av generasjoner og etnisk bakgrunn.

Ved å bruke eksisterende infrastruktur og samarbeide med lokale ressurser er det mulig å finne gode løsninger uavhengig av kommunens størrelse. Ny teknologi vil gi nye muligheter for formidling av kultur til grupper som ikke er så lette å nå, eller på måter som kan imøtekomme deres behov. Musikk- og kulturskoler, korps, kor og teatergrupper er eksempler på samarbeidspartnere. Skoler og barnehager i nærmiljøet kan også involveres.

Kulturavdelingene i kommunene har oversikt over lag, organisasjoner og aktiviteter i nærmiljøet, og et samarbeid om økt kultursatsing for de med behov for tilrettelegging, trenger ikke kreve store ressurser. Kommunenes satsing på kulturtiltak vil avhenge av kommunens størrelse, ressurser/økonomi, eksisterende tilbud, infrastruktur osv. Det er fornuftig at satsingen har en klar tilknytning til kulturfaglig kompetanse, og legger til rette for et godt samarbeid mellom helse- og omsorgstjenesten og kulturenhetene i kommunen. For mindre kommuner med små ressurser kan det være en fordel med interkommunalt samarbeid.

Når Den kulturelle spaserstokken skal etableres, vil det være naturlig å vurdere løsninger og erfaringer fra Den kulturelle skolesekken, for eksempel når det gjelder lokal forankring og kobling mot kommunalt nivå.

(Stortingsmelding 25 (2005-2006))

Slik dette er å forstå skal bruken av desse midlane knytast tettare opp mot kommunen sine eldreinstitusjonar og omsorgsmottakarar enn det som har vore praksis til no.

Fylkeskommunen har likevel tildelt kommunen midlar på bakgrunn av dei søknadane som har vore sende inn, og det vil då vere rett no å fordele midlane etter søknadane.

Konklusjon

Råd for eldre og funksjonshemma fordeler midlane på grunnlag av kommunen sin søknad. Sidan der er differanse mellom tildelte midlar og søknader legg sakshandsamar i samråd med leiar saka fram utan tilråding.

Saksgang

Råd for eldre og funksjonshemma gjer endeleg vedtak om fordeling

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Handsaming i Råd for eldre og funksjonshemma - 16.03.2016

4 voterande

Nye dokument i saka vart lagt fram / orientert om.

1. Søknad om tilskot frå Hildegunn Vederhus, jnr.ført. 16.03.16..
2. Søknad om tilskot frå Besøksgruppa for Seljetunet v/Oddrun Hjelle, jnr.ført. 16.03.16.

Framlegg frå Råd for eldre og funksjonshemma:

Dei tilgjengelege midlane vert delt likt mellom søkjarane.

Selje Pensjonistlag	- sum kr.	9.655,50.
Stad Pensjonistlag	- sum kr.	9.655,50.
Hildegunn Vederhus	- sum kr.	9.655,50.
<u>Besøksgruppa for Seljetunet</u>	<u>- sum kr.</u>	<u>9.655,50</u>
Sum fordelt:		kr. 38.622,00.

Det skal sendast rapport over tiltaket til Råd for eldre og funksjonshemma, når tiltaket er gjennomført.

Røysting:

Framlegg frå Råd for eldre og funksjonshemma vart samrørystes vedteke.

EF-003/16 VEDTAK

Dei tilgjengelege midlane vert delt likt mellom søkjarane.

Selje Pensjonistlag	- sum kr.	9.655,50.
Stad Pensjonistlag	- sum kr.	9.655,50.
Hildegunn Vederhus	- sum kr.	9.655,50.
<u>Besøksgruppa for Seljetunet</u>	<u>- sum kr.</u>	<u>9.655,50</u>
Sum fordelt:		kr. 38.622,00.

Det skal sendast rapport over tiltaket til Råd for eldre og funksjonshemma, når tiltaket er gjennomført.

Samrøystes.

Utskrift til:

Søkjarane – med vedlagt rapportskjema

Revisor

Økonomiavd.

